



Vedtekter for Landbrukstjenester Sør

Landbrukstjenester Sør - til tjeneste for kunden og bygda

§ 1 Organisasjon.

Landbrukstjenester Sør SA, org. nr. 979 271 603,

nedafor kalla laget, er eit andelslag etter samvirkeprinsipp med avgrensa økonomisk ansvar (SA), vekslande kapital og medlemstal. Medlemmane hefter berre med sitt andelsinnskot for gjelda til laget.

Laget sitt hovudkontor ligg i Åseral kommune.

§ 2 Føremål.

Laget si hovudoppgåve er å skaffe kvalifisert avløyning slik at medlemene får regelmessig fritid, avlasting i onnetider og avløyning under sjukdom m.v.

Laget kan og administrere andre former for samarbeidstiltak som kan bidra til å styrkje landbruket og vere utviklande for lokalmiljøet.

Laget skal arbeide for gode og trygge arbeidsforhold for tilsette.

Laget skal yte tenester av høg kvalitet, vere tilgjengeleg og drive kostnadseffektivt i all si verksemd. Målet er at dette skal bidra til betre driftsresultat, arbeidssituasjon, trivsel og velferd.

§ 3 Ansvar.

Laget skal stå som arbeidsgjevar for dagleg leiar og andre kontortilsette. Det kan og tilsetjast avløysarar og anna arbeidskraft med tilhøyrande arbeidsgjevaransvar. Arbeidsgjevaransvaret skal stå i forhold til arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter.

§ 4 Medlemskap/andelar

Laget skal vere ope for medlemskap for sjølvstendig næringsdrivande/bedrifter som er gardbrukarar eller tenestelevrandørar innan landbruk

Laget kan og yte tenester til andre.

Kvar eining/foretak kan berre teikne seg for ein andel.

Kvar andel lyder på kr. 100,-, som skal betalast inn over bank. Andelen vert ikkje forrenta. Andelen fylgjer eininga/foretaket og ved eigarskifte vert andelen overført til ny eigar dersom ikkje utmelding føreligg. Dersom ein medlem ikkje har nytta laget sine tenester dei siste 2 år, vil medlemskapen i laget opphøyre.

I tillegg kan styret fastsetje ei administrasjonsavgift.

§ 5 Nyting av årsoverskot

Korleis årsoverskotet skal kunne nyttast vert vedteke av årsmøtet etter forslag frå styret. Det kan ikkje vedtakast å nytta eit høgare beløp enn det styret føreslår eller godtek, men årsmøtet kan sjølv vedta nytting innanfor følgjande rammar:

1. Godskriving av føretakets eigenkapital

§ 6 Rettar og plikter.

Laget skal så langt som mogeleg prøve å løyse medlemmane sine behov for avløyning og gje konkrete svar på spørsmål om velferdsordningane i landbruket. Laget skal informere på viktige område gjennom eigne informasjonsskriv og elektroniske heimesider.

Medlemmane må til ei kvar tid rette seg etter lovar og reglar som gjeld for dei tenester som laget utfører, eller som årsmøtet eller styret har vedteke.

Når laget står som arbeidsgjevar for avløysarane og løner desse, pliktar kvart medlem å betale sine kostnader til rett tid. Refusjonar og tilskot skal betalast ut til medlemmen sin konto i avløysarlaget. Medlemmane kan til ei kvar tid få utbetala det dei har til gode i laget.

Alle som kjøper tenester frå laget har ansvar for arbeidsmiljøet på arbeidsplassen etter gjeldande reglar i arbeidsmiljølova.

Medlemmar pliktar og å gje informasjon og opplæring til arbeidstakaren etter gjeldande krav i AML og KSL.

§ 7 Utmelding/Eksklusjon.

Medlemskapen er bindande frå innmeldingsdato. Frist for utmelding er 3 månader rekna frå den dagen meldinga om utmelding kom fram til laget.

Medlem som bryt vedtektene eller føresegner som er gitt i medhald av desse eller på annan måte forsømmer sine plikter ovafor laget, kan ekskluderast frå laget. Styret kan

fremje slikt krav, dei kan og fremje krav om skadebot for dei tap som laget er påført. Seinast 8 dagar før styret handsamar saka, skal medlemen ha skriftleg varsel og få høve til å uttale seg innan ein rimeleg frist. Medlemmen kan anke styrevedtaket inn for årsmøtet.

Ved utmelding/eksklusjon har medlemmen rett til å få betalt attende sitt andelsinnskot dersom han krev det og dersom laget sin økonomi gjev rom for det. Dersom det ikkje vert gjort krav om utbetaling av andelsinnskot, vert den tilført laget sin eigenkapiatal. Innbetalt administrasjonsavgift vert ikkje betalt attende. Det kan heller ikkje stillast krav om del av laget si eige. Utmeldt/ekskludert medlem kan ikkje ha tillitsverv i laget.

§ 8 Årsmøtet.

Årsmøtet er laget sitt høgaste organ og skal haldast kvart år innan utgangen av april innanfor laget sitt virkeområde.

Alle medlemmar har rett til å møte på årsmøte.

Innkalling og sakliste skal sendast skriftleg til medlemmane minst 14 dagar før årsmøtet. Årsmelding, rekneskap, årsplan og budsjett skal kunngjerast for medlemmane på forsvarleg vis innan 14 dagar før årsmøtet. Dei medlemmane som ber om det, skal få desse tilsendt.

Saker som ein medlem ønskjer å handsame på årsmøtet, må vera kome skriftleg til styret seinast 4 (fire) veker før årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller 1/3 av medlemmane krev det.

Kvart medlem/driftseining har 1 røyst. Medlemmane kan representerast med skriftleg fullmakt, men ingen kan møte med meir enn ei fullmakt.

Tilsette har møte-og talerett.

Gyldig vedtak krev simpelt fleirtal, dersom ikkje vedtektene krev noko anna. Ved likt røystetal avgjer møteleiaren si røyst, unnateke ved personval der utfallet vert avgjort ved loddtrekning.

Det skal førast protokoll frå årsmøtet. Protokollen skal underskrivast av møteleiar og ein medlem valde av årsmøtet.

På årsmøtet skal følgjande saker handsamast:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.
2. Val av møteleiar. Møteleiar må vere medlem.
3. Val av skrivar.
4. Val av ein medlem til å skrive under møteboka i tillegg til møteleiaren.
5. Styret si årsmelding.
6. Rekneskap og revisjonsmelding.
7. Arbeidsplan for komande år.
8. Budsjett for komande år, til orientering.
9. Godtgjersle til tillitsvalde
10. Val:
 - val av styreleiar for 1 år.
 - val av styremedlemmer for 2 år.
 - val av 3 varamedlemmar, i nummerorden, til styret for 1 år.
 - val av nestleiar
 - val av revisor

- val av medlem og varamedlem til valnemnd
 - val av utsendingar m/varamedlemmar til årsmøte i Norske Landbrukstenester
 - val skal vere skriftleg dersom nokon krev dette
11. Andre saker som er med i innkallinga.

§ 9 Styret.

Laget skal leiast av eit styre på 5 medlemmar. 4 blir valde på årsmøte, 1 skal veljast av og blant dei tilsette.

Representanten frå dei tilsette kan ikkje veljast til styreleiar eller nestleiar i styret.

Styret held minst 4 møte pr. år eller så ofte leiaren finn det naudsynt eller når minst 3 av medlemmane i styret krev det. Styret er vedtaksført når minst 3 av medlemmane er til stades. Har ein styremedlem forfall, skal dette meldast til laget i god tid, slik at varamedlem kan kallast inn. Ved likt stemmetal avgjer leiaren si trøyst.

§ 9.1 Oppgåvene til styret.

Styret skal leie laget si verksemd i samsvar med vedtektene og dei vedtak som årsmøtet har gjort, og skal følgje dei instruksar som er fastsett av offentleg styresmakt. Styret skal kartleggje, organisere og administrere all utleige/formidling av arbeidskraft slik at medlemmane får tenlege løysingar.

Styret er ansvarleg for at heile laget si verksemd vert utført på ein forsvarleg måte. Styremedlemmene har teieplikt om alt som gjeld laget si drift.

Vidare skal styret bl.a.:

1. Ha ansvar for at laget har tilfredsstillande økonomi, og om naudsynt fastsetje administrasjonsavgift.
Forvalta laget sine midlar og leggja fram forslag om bruk av disponible midlar.
2. Førebu og gje innstilling i alle saker som skal leggjast fram for årsmøtet.
Unnateke valnemnda sine oppgåver.
3. Syte for at rekneskapen er forsvarleg ført og revidert etter gjeldande lover og reglar.
4. Ha ansvar for laget si årsmelding.
5. Setje opp arbeidsplan og budsjett for kommande år.
6. Tilsetje og seie opp personale og fastsetja løn og tilsetjingsvilkår.
7. Ha ansvar for at administrasjonen har tilfredsstillande bemanning og at kunnskapane til kvar tid står i forhold til arbeidsoppgåvene, og at arbeidsforhold og arbeidsmiljø er slik at det skapar grunnlag for effektivitet og trivsel.
8. Arbeida aktivt for å utvikle laget vidare, slik at medlemmane til ei kvar tid får dei tenester dei har behov for.
9. Samarbeida med andre organ innan næringa for å utnytte ressursane best mogeleg, og for å styrkje landbruket i lokalmiljøet.
10. Kan opprette arbeidsutval etter behov. (Vanlegvis samansett av styreleiar, ein styremedlem og dagleg leiar.)
11. Om naudsynt opprette, eller leggje ned, utval som har konkrete tidsavgrensa oppgåver.
12. Kan vedta retningslinjer for verneombod, og kan, - i eige styrevedtak, - gje verneombodet fullmakt på laget sine vegne til å foreta besøk hjå medlemmane.

Styreleiar og ein styremedlem bind laget med sine underskrifter.

Styret kan gje prokura.

Det skal først protokoll frå styremøta. Styreprotokollen skal sendast ut til styremedlemmane innan 14 dagar etter kvart møte. Styreprotokollen skal underskrivast av styremedlemmane som har vore med på handsaminga.

§ 10 Valnemnd.

Laget skal ha ei valnemnd på 3 medlemmar, 1 frå Setesdal/Åseral, 1 frå resten av Vest-Agder og 1 frå resten av Aust-Agder.

Valet gjeld for 3 år. Kvart år går 1 medlem ut. Den som har sete lengst fungerer som leiar.

Det skal kvart år veljast 3 varamedlemmar til valnemnda.

Valnemnda skal føreslå kandidatar til alle val som skal haldast på årsmøtet, unnateke revisor. Revisor skal veljast etter innstilling frå styret.

Valnemnda skal innstille på godtgjersle til tillitsvalde.

Årsmøtet kan fastsetje instruks for valnemnda.

§ 11 Tvistar.

Tvist mellom laget og ein eller fleire av medlemmane som ikkje vert løyst på minneleg vis, vert avgjort ved skilddom (valdgift).

Skilddomstolen er samansett av 3 medlemmar. Kvar av partane vel ein medlem og sorenskrivaren i distriktet nemner opp leiaren.

Dersom ein eller begge av partane ikkje har oppnemnd sitt medlem innan ein frist som er fastsett av styret, vert vedkomande medlem oppnemnd av sorenskrivaren.

Kravet om skilddom må vera kome inn til styret innan 3 månader etter at medlemen har fått kjennskap til forholdet som grunnjev kravet.

Skilddomstolen tek og avgjerd om sakskostnader.

§ 12 Vedtektsending.

Endring av laget sine vedtekter kan berre gjerast av årsmøtet. Det skal stå i innkallinga til årsmøtet kva endringa gjeld. Til gyldig vedtak vert det som hovudregel krevja 2/3 fleirtal av røystene på årsmøtet. I spesielle saker vert det krevja 4/5 fleirtal.

§ 13 Oppløysing - Fusjon.

Vedtak om oppløysing eller fusjon av laget vert gjort av årsmøtet.

Gyldig vedtak om oppløysing krev 3/4 fleirtal av dei røysteføre på møtet.

Røysterett krev medlemskap og betalt andelsinnskot. Det årsmøtet som gjer vedtak om oppløysing skal velje eit avviklingsstyre.

For vedtak om fusjon gjeld same reglar som ved oppløysing, unnateke val av avviklingsstyre.

Oppnår ein ikkje tilstrekkeleg fleirtal på årsmøte, kan nytt årsmøte innkallast med 14 dagars varsel. Gyldig vedtak krev då 2/3 fleirtal blant dei frammøtte medlemmar.

Ved vedtak om oppløysing skal eventuelle gjenstående midlar, etter at gjeld er dekkja, stå i eit -1- år i tilfelle eit føretak med same føremål vert skipa. Midlane vil då verta overdrege til nytt føretak. Dersom det innan eit år frå årsmøtet som vedtok avvikling, ikkje er stifta nytt føretak, skal avviklingsstyret leggje fram forslag om endeleg disponering av gjenstående nettoformue etter følgjande oppsett;

Nettoformuen, etter at avviklingskostnader er dekket, vert betalt attende til dei som var aktive medlemmar, då vedtaket om avvikling vert gjort, i forhold til samla omsetning dei siste fem åra. Det vert utbetala med lik prosentsats for alle år. Kundar som ikkje er medlemmar, skal ikkje tilgodeses.

Vedtektene er godkjend av årsmøte 29.3.2012.